



Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Båtrutetilbodet etter 2022 - innspel frå Sogn regionråd

*Sogn regionråd har følgjande innspel til båtrutetilbodet etter 2022:*

Sogn regionråd støttar fylkestinget sitt vedtak om auka rammer for universell utforming og klima- og miljøkrav.

Sognebåten er ei særskild viktig transport- og opplevingsrute for lokalbefolkninga, arbeidsreisande og for reiselivet.

Standard, kvalitet og forutsigbarheit er viktig for å sikre eit godt tilbod for innbyggjarane, arbeidsreisande og turistar. Dårligare materiell og standard vil gradvis byggje ned tilbodet. Rutetilbodet må ta høgde for passasjerutviklinga og endra behov. Det er kapasitetsproblem på enkeltdagar, særleg fredagar, og vi ber om at det vert teke høgde for endra behov i anbudsgrunnlaget.

Regionen har mange offentlege etatar med hovudsete i Bergen. Regionreforma og strukturendringar i regionale statsetatar gjer at det er enno større behov for eit godt båtrutetilbod. Ekspressbåten gjer det mogleg å utnytte reisa til effektiv arbeidstid, medan bil, fly eller buss ikkje gir dei same moglegheitene. Strukturendringane vil gje fleire passasjerar som bruker båten til arbeidsreiser.

Prognosene viser 5-15 prosent vekst i reiselivet i Sognregionen i åra framover. Den framtidige veksten bør kome i skulder- og vintersesong. «Sognefjorden in a Nutshell» blir løfta opp som heilårsrute frå Fjordtours. Det kjem fleire heilårsaktivitetar i Balestrand og Sogndal, og effekten med auka passasjertal er forventa å kome om 2-5 år. Med forventa vekst i reiselivet kan det kome fleire dagar med kapasitetsutfordringar utover fredagar som alt er nemnt.

Sogn regionråd meiner anbodet for sommarruta Sogndal-Bergen i første omgang bør utvidast frå 6 til 7 månader og på sikt til å bli eit heilårstilbod.

Sogn regionråd har tidlegare peika på at Flåmsekspressen har låge passasjertal og svært tidleg avgang frå Flåm (kl 6). Ruta har kapasitet på 45 passasjerar. Ruta bind saman Flåm og nordsida av Sognefjorden, men grunna få passasjerar bør det vurderast om ruta skal få endra rutetider eller flytta midlane til Sognebåten for slik å styrke tilbodet i det indre Sognefjordbassenget. Dette bør vurderast i dialog med Sogn regionråd og Visit Sognefjord.

Med helsing

Jan Geir Solheim  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*